Forskrift om bandtvang i Hjartdal kommune (høyringsutkast)

Fastsett av Hjartdal kommunestyre [dato], med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald (hundeloven) § 6 andre ledd bokstav [c/d/e] og § 6 tredje ledd. § 11

Kunngjort: [dato] (Lovdata/Norsk Lovtidend)

§ 1 Formål

Formålet med forskrifta er å:

- verna husdyr på beite og redusera risikoen for jaging, skade og tap,
- førebyggja konfliktar mellom hundehald, landbruk og friluftsliv, og
- sikre føreseielege reglar i område og tidsrom der lokale forhold tilseier behov for utvida bandtvang.

§ 2 Verkeområde og definisjon

Forskrifta omfattar regler for hundehald i Hjartdal kommune. Særlege reglar gjeld i dei områda og tidsrom som følgjer av §§ 3 og 4.

Forskrifta er eitt supplement til lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundelova), og må sjåast i samanheng med denne

Med bandtvang meines at hundehaldar skal halde hunden fysisk i band eller forsvarleg inngjerda eller avstengt.

§ 3 Om bandtvang av omsyn til beitedyr og rekreasjon- og offentleg område (hundelova § 6 andre ledd bokstav c, d og e)

Hund skal haldast i band eller vera forsvarleg inngjerda/innestengt i perioden 1.april til og med 20. august. I tillegg gjeld fyljande :

a) I område der bufe har rett til å beite og faktisk beitar til og med 1.oktober.
b) På inngjerda mark der bufe beiter fram til 1. november.
c) I merka og maskinpreparerte skiløyper: Heile vintersesongen.
d) På og ved skular, barnehagar, kyrkjegardar og andre offentlege institusjonar heile året

§ 4 Om ekstraordinær bandtvang

Myndigheit til å utforme forskrift om ekstraordinær bandtvang ligg til kommunedirektøren.

§ 5 Unntak

Forskrifta gjeld ikkje i dei tilhøve som er nemnde i hundelova § 9 Unntak frå sikringsregelen.

a. *hund når den brukes i reindrift*

b. *dressert bufehund når den brukes til å vokte eller gjete storfe, sau eller geit*

c. *hund i aktiv politi-, toll-, militær-, rednings- og offentlig oppsynstjeneste, når den offentlige oppsynstjenesten er etablert med hjemmel i lov, eller under trening eller prøving for slike tjenester*

d. *hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såret eller sykt vilt*

e. *hund med særlige bruksformål, avgrensede områder eller nærmere angitte hunderaser, eller hundetyper eller for hunder som har særskilt trening, når dette er fastsatt av kommunen ved forskrift eller enkeltvedtak. Ved dette kan kommunen blant annet legge ut et område som dressurområde for hunder, dersom samtykke som nevnt i § 8 første ledd foreligger*

f. *hund når den brukes for jakt, jakthundtrening og jaktprøver mellom 20. august og 1. april eller når båndtvang er fastsatt i medhold av § 6 annet ledd bokstavene c, d og e*

g. *førerhunder i aktiv tjeneste eller under trening eller prøving for slik tjeneste*

§ 6 Dispensasjon

Kommunen kan i særlege tilfelle gi tids- og områdeavgrensa dispensasjon når tungtvegande grunnar taler for det, og når formålet med forskrifta framleis blir vareteke. Dispensasjon kan setjast på vilkår.

§ 7 Straff

Brot på føresegnene i denne forskrifta er straffbart og kan straffast i tråd med § 28 i hundelova.

§ 8 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå same dato som ho blir kunngjort i Norsk Lovtidend